

Vedtekter for næringsfondet

i

Gol kommune

Vedteke av Gol kommunestyre i K-sak 0038/90 den 25.05.90

Revidert i K-sak 0055/00 den 21.11.00

Revidert utgåve godkjent av Fylkesmannen i Buskerud den 05.02.01

VEDTEKTER FOR NÆRINGSFONDET I GOL KOMMUNE

§ 1 Kraftfond – Heimel, kapital og avkastning

Fondskapitalen er:

- Næringsfondet på kr. 105.000 innbetalt av Oslo Lysverker i medhold av ptk. 20 i konsesjonsvilkåra for Reguleringar og overføringar i Uste-Hallingdalsvassdraget oppretta ved Kgl.res. av 20.07.1962.
 - Årlege tilskot innbetalt fondet
 - Årlege konsesjonsavgifter frå desse reguleringane (pr. 31.12.1999)
1. Kons. 200762/131164 Reg. og overført i Uste-Hallingsdalsvassdraget.
 2. Kons. 210149/030649 Reg. Åsbjørvasdraget m.v.
 3. Kons. 210859 Ytt. Reg. av Tisleifjord.
 4. Kons.150257 Reg. av Flyvatn.
 5. Kons. 020940/040648 Reg. av Holselva og Votna m.v.
 6. Kons 250157 Reg. av Heimsilvasdraget.
 7. Kons 140582 Ytt. Overf. av Lya.

Fondskapitalen utgjorde pr 31.12.1999.

Næringsfond: kr. 7.793.351,91

Fond konsesjonsavgift: kr. 930.442,70

Fondskapitalen kan berre nyttast til lån, herunder ansvarleg lån og/eller som avsetning til garantifond.

Avkastning er:

- Årlege konsesjonsavgifter etter 01.01.2000 som blir innbetalt av Oslo Energi Produksjon AS i medhald av punkt 3 i konsesjonsvilkåra for Reguleringar og overføringar i Uste-Hallingdalsvassdraget.
- Årlege konsesjonsavgifter etter 01.01.2000 som blir innbetalt frå konsesjonærene som nemnt under punkt 2 – 7 ovanfor.
- Renter og annan avkastning av fondskapitalen gjeve ved kunteleg resolusjon.

Avkastninga kan Gol kommune nytte til tilskot og til betinga lån.

§ 2 Føremål

Fondsmidlane skal Gol kommune nytte til tiltak som kan fremje næringslivet i kommunen og til kommunale fellestiltak.

Kommunen skal prioritere tiltak som betrar moglegheitene for sysselsetjing av kvinner og ungdom.

Fondsmidlar kan ikkje blir brukt til å sanere gjeld eller i løpande drift til private verksemder eller i kommunen. Som kommunal løpande drift er ikkje avdrag på lån og avlønning av tiltakskonsulent/næringsjef.

Verksemder som mottak betydelige overføringer over statsbudsjettet skal prioriterast lågt ved tildeling av midlar. Fondsmidlar kan berre blir brukt til investeringar i varige driftsmidlar.

§ 3 Støtteformer

Av fondsmidlane kan kommunen gje støtte i forma av lån, medan det kan av avkastninga kan gjevast tilskot og betinga lån. Det kan òg stillast garanti for kommunale tiltak i den grad slike er gyldige garantiføremål, jf. kommunelova § 51.

Midlane bør ikkje bli brukt til aksjeteikning i private verksemder. Dersom det blir teikna kommunale aksjar, kan ikkje aksjeposten utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen i verksemda. Denne begrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg eller likanande som kommunen etablerar i samarbeid med private interessentar.

§ 4 Forholdet til internasjonal avtalar

Bruken av fondet må vera i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statstøtteområdet (sjå EØS-avtaleas regelverk for offentleg støtte, EØS-tillegget t il dei europeiske fellesskaps tidende nr. 32 av 3. september 1004 med seinare tillegg og endringar).

§ 5 Støttevilkår

Samla finansiering frå fondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av det totale kapitalbehovet for prosjektet. For prosjekter av særleg betydning for kvinner og ungdom, og ved etableringar kan kommunen gje inntil 75 % finansiering.

Støtta (tilskot og eventuell subsidieelement i lån med nedsatt rente) skal vera avgrensa til maksimal bagatellmessig støtte, innanfor ei samla grense på 100.000 ECU (omrekna i forhold til referansekurs fastsatt av ESA (EFTA Surveillance Authority) – EFTA's overvåkingsorgan – kvart år) til ein og same verksemd i ein tre-års periode. Verksemda som mottar støtte pliktar å opplyse om bagatellmessig støtte verksemda har motteke dei siste tre år.

- Bagatellmessig støtte kan bli gitt til alle verksemder uavhengig av størrelse.
- Det kan gjevast bagatellmessig støtte til alle type kostnader og næringar, unntatt støtte til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport.

§ 6 Forvaltning

Formannskapet er fondsstyre og skal avgjere søknader om støtte frå fondet, jf. § 2.

Fondsmidlane blir plassert på rentebærande konto slik at midlane er disponible til kvar tid. Renter og avdrag blir tilbakeført fondet. Anna plassering av midlane kan berre godtas dersom det ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til kvar tid.

§ 7 Klage

Folkevalgte kan be om lovlighetskontroll etter kommunelova § 59.

Partsklage etter forvaltningslova § 2 vert handsam i samsvar med forvaltningslova § 28, andre ledd.

§ 8 Årsmelding

Kvart år legg formannskapet fram ei melding om verksemd til fondet for kommunestyret. Gjenpart av denne meldinga blir sendt fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 9 Godkjenning av vedtak

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av fylkesmannen. Kopi av godkjende vedtekter blir sendt fylkeskommunen.

Gol, den 25.09.2000

Lorents Letnes
Rådmann